

Sigmund Hatløy
Andreestgt. 20
4016 Stavanger

Stavanger 11.12. 2013

NVE
Postboks 5091, Majorstuen,
0301 OSLO

ÅRDALSVASSDRAGET OG LYSEVASSDRAGET I ROGALAND – REVISJON AV
REGULERINGSVILKÅR AV 19.11. 1948.

1. FAKTAFEIL I NVES INNSTILLING TIL OED AV 26.03. 2003 MÅ RETTAST.
2. TILLEGGSKONSESJON FRÅ 1959 MÅ OGSÅ REVIDERAST.

Om pkt 1.

NVE har i vedtak av 27.05. 2013 og 18.07. 2013 godkjent detaljplan for bygging av Lysebotn II kraftverk i Forsand kommune.

I høyringa av planen krevde fleire høyringspartar pålegg om minstevassføring i Årdalsvassdraget og Stølsåna. Som merknad til dette seier NVE den 27.05. 2013 at NVE i innstilling til Olje- og energidepartementet (OED) av 26.03. 2003 foreslår minstevassføring i Årdalsvassdraget, men ikkje i Stølsåna. Denne saka er framleis ikkje ferdigbehandla i OED.

Årdal elveeigarlag har i fleire brev peika på at faktagrunnlaget i innstillinga av 26.03. 2003 er urett, sist i brevet til NVE av 27.02. 2013.

NVE sin rapport 6 - 2005 i forskningsprogrammet "Miljøbasert vannføring" viser at alminneleg lågvassføring ved Nes i Årdal før reguleringa var 2,45 m³/s, ikkje 1,2 m³/s som NVE skreiv 26.03. 2003. ($229 \text{ km}^2 \times 10,69 \text{ l/s/km}^2 = 2,45 \text{ m}^3/\text{s}$). Ved Kaltveit som vart foreslått som målestad, var alminneleg lågvassføring før reguleringa: $317 \text{ km}^2 \times 10,69 = 3,4 \text{ m}^3/\text{s}$. Målestadene Nes og Kaltveit er altså ikkje likeverdige som NVE skreiv 26.03. 2003. Desse fakta må brukast i det vidare revisjonsarbeidet. NVE må ta dette opp med OED!

Om pkt 2.

I 1959 fekk Lyse Produksjon tilleggskonsesjon til å overføra til Lysebotn øvre del av Tysdalsgreina, m.m., av Årdalsvassdraget.

Denne konsesjonen er nå over 50 år gamal og må også få reviderte reguleringsvilkår.

Alminneleg lågvassføring ut av Øvre Tysdalsvatn var før reguleringa omlag slik:

$145 \text{ km}^2 \times 10,69 \text{ l/s/km}^2 = 1,55 \text{ m}^3/\text{s}$. Om lag 62 km² av nedbørfeltet har blitt ført vekk til kraftproduksjon. I samarbeid med Lyse har ein del av tilleggskonsesjonen blitt overført til bruk i Ulla-Førre-utbygginga i Suldal kommune.

Denne tilleggskonsesjonen må reviderast saman med hovudkonsesjonen av 19.11. 1948.

Både Lyse Produksjon og Statkraft må få reviderte krav om å sikra minstevassføring ut av Øvre Tysdalsvatn som ikkje er mindre enn 1,55 m³/s.

Tillegg.

Merknader til Notat av 18.05. 2011 frå Norconsult: "Konsekvenser av nytt reglement i Årdalsvassdraget". Notatet er sendt frå Lyse Produksjon til OED 27.05. 2011.

Side 2

Notatet viser krafttapet i Lysebotn kraftstasjon ved alternative tappingar av vatn frå Breiavad til minstevassføring i Årdalsvassdraget. Krafttapet varierar mellom 0,8 og 3 % av årleg middelproduksjon i kraftstasjonen. Dette aukar produksjonskostnaden i Lysebotn mellom 0,04 og 0,15 øre per kilowatttime. Dette er langt rimelegare miljøkrav enn andre kraftprodusentar har fått. Og langt mindre enn den gratisgevinsten kraftselskapet har fått ved at årleg nedbørmengde i dette fjellområdet har auka med over 10 % dei siste ti-åra.

Sigmund Hatløy

Pensjonert elveeigar i Årdalsvassdraget

Kopi til: Årdal Elveeigarlag

Hjelmeland kommune

Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga

Olje- og energidepartementet